



Christian B. Thorbjørnsen
Strandvegen 16
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2348 - 16/10447

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
20.04.2016

Fjerning av campingvogn - kommunal veg, Strandvegen

Lindås kommune ved Teknisk drift har registrert at Dykkar campingvogn, med registreringsnr. **DH 3307** er tilbake i Strandvegen. Campingvognen er hensatt i siktsona til Lynghaugen burettslag sin avkjørsle. Teknisk drift vil opplyse om at heile strekninga langs Strandvegen er siktsoner, og at det her ikkje er lov å parkere eller hensette andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Campingvogna er i tillegg plassert på kommunal veg grunn og fører til at kommunen får problemer med drift og vedlikehald av veg/veggrøft. Kommunen vil i løpet av kort tid utføre vedlikehaldsarbeid i Strandvegen og Dykkar vogn kjem i konflikt med dette arbeidet.

Som eigar av campingvogna må De sjølv sørge for å ha opplagsplass for denne. De må også sjølv sørge for å undersøkje om hensetting av vogn i offentleg veg er i strid med gitte løyver og anna regelverk. Campingvogner skal ikkje hensettes langs kommunale vegar der dei kan føre til uønskede trafikkhendingar og er til hinder for drift og vedlikehald av vegen. Campingvogner kan heller ikkje plasserast i siktsonene til avkjørslar frå offentleg veg. Campingvogner skal heller ikkje **hensettast** på anna kommunal grunn som til dømes friareal og parkeringsplasser.

Teknisk drift ber Dykk om å fjerne campingvogna omgåande. Dersom campingvogna ikkje vert fjerna vil kommunen få utført dette på Dykkar rekning. Teknisk drift vil også tilskrive Lyngmarka burettslag og be dei sørge for å halde sine siktsoner vedlike (jf. vilkår i gitte avkjøringsløyver).

Dersom De har spørsmål vedkomande dette brev, ta kontakt med fagsjef veg på telefon 56 37 50 00.

*Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift om «alminneliger regler om bygging og vedlikehald av avkjørslar frå offentleg veg», Vegnormal N100 (tekniske krav til avkjørslar), forskrift om kjørende og gående (trafikkregler) §17. 1. a) og b), og § 17.2. a), samt Vegtrafikkloven § 3 og § 37 b) og c) at vegavdelinga krev flytting av Dykkar campingvogn med registreringsnr. **DH 3307**.*

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:



Kopi til:

Lindås kommune ved vegdrift

Mottakarar:

Christian B. Thorbjørnsen

Strandvegen 16 5914

ISDALSTØ